



Til  
Hordaland Vassregionutval

## **Innkalling til møte i Hordaland Vassregionutval fredag 24. april 2015**

Dato: Fredag 24. april  
Kl 10.00 - 14.00 (kaffe utenfor møtelokalet frå kl 09.45)  
Stad: Møterom Vestlandet, Hordaland fylkeskommune, Bergen

Målgruppe: medlemmar av vassregionutvalet og evt administrative kontaktpersonar. Forutan statlege sektormynde er kvar kommune i vassregionen representert i VRU.

### **Dagsorden:**

Godkjenning av høyringsdokument i VRU før oversending til politisk handsaming i kultur- og ressursutvalet (KURE) og fylkesutvalet av:

1. Orientering om høyringsrapporten til Regional plan for Vassregion Hordaland
2. Innstilling frå Vassregionen sitt arbeidsutval om avgrensa 2. gongs høyring av miljømål, tiltak og oppsummerande kapittel om verknad av planen for vasskraft.
3. Handsaming av handlingsprogram før oversending til politisk handsaming i fylkesutvalet av:
4. Handsaming av høyringsdokument før oversending til politisk handsaming i kultur- og ressursutvalet (KURE) og fylkesutvalet av:
  - a. Reviderte miljømål for vassførekomstar i Hordaland
  - b. Reviderte tiltak i vassførekomstar i Hordaland
  - c. Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft.
5. Eventuelt

Sakspapir ligg som vedlegg her. Sakspapir blir sendt ut til dei påmeldte og lagt ut på [www.vannportalen.no/hordaland](http://www.vannportalen.no/hordaland) på onsdag.

Det blir servert lunsj.

Møtet avsluttast når vi blir ferdige, men seinast kl 14.00.

Kontaktperson for møtet:

**Sølve Sondbø**; seniorrådgjevar, Regionalavdelinga | Klima- og naturressursseksjonen  
Tlf: 55 37 80 01 | Mob: 900 75 325

**Vedlegg:**

1. Høringsrapport til regional plan for Vassregion Hordaland, oppsummering av fråsegn
2. Framlegg til handlingsprogram 2016-2018
3. Reviderte miljømål for vassførekomstar i Hordaland
4. Reviderte tiltak for vassførekomstar i Hordaland
5. Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft
6. Norconsult-rapport: Vassregion Hordaland – Regionale prioriteringar av vasskraftrevisjonar

## Sak 1/15 Orientering om høyringsrapporten til Regional plan for Vassregion Hordaland

Det kom inn totalt 68 fråsegn til planen. Alle fråsegna ligg på vannportalen.no (sjå link). <http://vannportalen.no/vannregioner/hordaland/plandokument/horing-vannforvaltningsplan-hordaland/frasegn/>

Det vart gjennomført 6 opne høyringsmøter om planen hausten 2014:

- Vassområde Vest, 2. desember 2014
- Hardanger vassområde, 11. desember 2014
- Sunnhordland vassområde, 26. november 2014
- Nordhordland vassområde, 27. november 2014
- Voss-Osterfjorden vassområde, 29. november 2014
- Konferanse om vasskraft og tiltak, 3. september 2014

På møta deltok prosjektleiarar i vassområda, sektormynde, Fylkeskommune, næringsliv, organisasjonar og privatpersonar. Formålet med møta har vore å få belyst planen bredt.

Mange av fråsegna er av slik karakter at vassregionmyndigheita har behov for å få dei drøfta med aktuelle offentlege aktørar på tvers av sektorar og forvaltningsnivå. Dette er i tråd med plan- og bygningslovas § 3-2 tredje ledd om rett og plikt til å delta i planarbeidet, samt i samsvar med vassforskriftas føresegn om at vassregionmyndigheita skal utarbeide den regionale planen i samarbeid med vassregionutvalet.

Vassregionens regionale prioritering av konsesjonar i regulerte vassdrag vert arbeida med vidare jfr. NVEs høyringsfråsegner om at regional prioritering skal grunnast der dette ikkje er gjort. Kost/nytte- og samfunnsøkonomiske vurderingar vert gjennomgått og lagt ved der det er mogleg. Vassregionmyndigheita leia inn konsulenthjelp til dette. jfr. Miljødirektoratets fråsegn.

Fleire av endringane i planforslaget krevjar dialog med fylkesmennene som miljøfagleg rådgjevar/ansvarleg, med vassområda og aktuelle sektormyndigheiter, avhengig av innhaldet i fråsegna. Det er difor vanskeleg, så tidleg i revideringa, å konkret avgjere kva for endringar som vil få gjennomslag. Enkelte endringar må kome fram gjennom prosess og samarbeid.

### Framlegg til vedtak

1. Høyringsrapport for *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.

## **Sak 2/15 Innstilling frå Vassregionen sitt arbeidsutval om avgrensa 2. gongs høyring av miljømål, tiltak og oppsummerande kapittel om verknad av planen for vasskraft**

Mange fråsegn ønskja 2. gongs høyring av planen. Spesielt gjaldt dette konkretisering av miljømål som mange peika på at det ville vere feil å endre utan ei ny høyring.

VRM viser til høyringsrapporten, og har tro på at planen blir bedre av ein ny avgrensa høyring.

Framlegg til vedtak

**Hordaland Vassregionutval tilrår ei avgrensa 2. gongs høyring for miljømål, tiltak og oppsummerande kapittel om verknad av planen for vasskraft**

## **Sak 3/15 Handsaming av handlingsprogram før oversending til politisk handsaming i fylkesutvalet**

Plan- og bygningslova § 8-1 pålegg at det til alle regionale planar skal følgje med eit vedteke handlingsprogram. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til ei årleg rullering. Ved denne rulleringa fornyas inngåtte avtalar med andre regionale og kommunale aktørar om gjennomføringa av planen.

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg utpeika kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje liste etter prioritert rekkefølge. Handlingsprogrammet fokuserer på sjølve planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet.

Vassregionmyndigheita hadde i utgangspunktet tenkt å lage handlingsprogram etter at planen vart vedteke, slik Hordaland fylkeskommune til dømes har gjort for Klimaplanen. Miljødirektoratet har nylig sagt at handlingsprogrammet skal vedtakast saman med planen. Det er difor laga utkast til handlingsprogrammet som kan høyrast samtidig med den komande avgrensa høyringa av planen. Vassregionmyndigheita tar sikte på handsaming i fylkesutvalet 19. mai 2015.

Framlegg til vedtak:

- 1. Handlingsprogram for *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2018* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet.**

## Sak 4/15 Handsaming av høyringsdokument før oversending til politisk handsaming i fylkesutvalet av

Administrasjonen har laga forslag til justering av planen når det gjeld:

- Reviderte miljømål for vassførekomstar i Hordaland
- Reviderte tiltak i vassførekomstar i Hordaland
- Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft.

Det endelege planframlegget hausten 2014 vil vere oppdatering av heile den regionale planen og tiltaksprogrammet med oppdaterte kart, statistikk og innspel frå høyringa.

Endringar sidan høyringsutgåva inkluderer blant anna dette:

Fråsegn frå høyringa er innarbeida, sjå omfattande høyringsrapport på 100 sider med oppsummering av fråsegn og vurdering.

Miljømåla for sterkt modifiserte vassførekomstar er konkretisert i tråd med rettleiing frå Miljødirektoratet og NVE. Alle vassførekomstar i Hordaland som er SMVF og derfor ikkje når ordinære miljømål har fått eit konkretisert miljømål. Framlegget til konkretisering av miljømål er utarbeida av NVE og Fylkesmannen i samarbeid. Regulantane har hatt framlegget til uformelt gjennomsyn, og framlegget er lett justert etter dette.

Det er gitt utsett frist for å nå miljømålet i mange nye vassførekomstar inkludert

- Alle som er aktuelle for revisjon av konsesjonsvilkår
- Vassførekomstar med forureina sjøbotn (miljøgifter i sedimentane)
- Vassdrag påverka av lakselus og/eller rømt oppdrettsfisk. Påverknad er satt til udefinert da karakterisinga ikkje er ferdig.
- Utsatt frist der ansvarleg myndigheit har bedt og det, og der det er heime for det i regelverket.

Konsulentrapport frå Norconsult om regionale prioriteringar av vasskraftkonsesjonar har gitt endra miljømål og endra tiltak. Dei faglege vurderingane i Norconsult-rapporten er innarbeida i det reviderte nye framlegget. Det er 3 færre innspel om revisjon/innkalling til konsesjonshandsaming i dette framlegget enn i det som var på høyring i 2014.

Tilhøva for elvemusling har fått større innverknad på miljøvurderinga (klassifisering).

Alle tiltak er gått gjennom på nytt, og tiltakstabellane er oppdatert. Justeringar av vassførekomstar har gitt justeringar av tiltak og miljømål.

Framlegg til vedtak:

1. **Framlegget til 2. gongs avgrensa høyring av *Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2018* takast til orientering med dei merknadar som er kome fram på møtet. Reviderte miljømål for vassførekomstar i Hordaland, reviderte tiltak i vassførekomstar i Hordaland og nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft.**
2. **Planframlegget sendast til Fylkesutvalet med sikte på høyring frå 19. mai til 25. september.**

## **Sak 5/15 Eventuelt**